



Sak: Tilsyn med kommunal beredskapsplikt

Vår dato: 20.09.2019

Vår ref.:
2019/594 350

Kvinnherad kommune
Kommunenr. 1224

Tilsynsleiar: Haavard Stensvand, fylkesberedskapssjef

Endeleg tilsynsrapport

Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt

Innleiing

Fylkesmannen gjennomførte 18.06.2019 tilsyn med kommunal beredskapsplikt i Kvinnherad kommune.

Heimel, føremål og avgrensingar

Tilsynet vart gjennomført med heimel i [§ 29 i lov av 26. juni 2010 om kommunal beredskapsplikt, sivilbeskyttelse og Sivilforsvaret \(sivilbeskyttelseslova\)](#) og [§ 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt av 22. august 2011](#).

Føremålet var å kontrollere om kommunen etterlever krav i lov og forskrift om oppfølging av kommunal beredskapsplikt, jf. §§ 14 og 15 i sivilbeskyttelseslova og i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynsrapporten omhandlar dei avvik og forbedringspunkt som vart avdekte under tilsynet. Den gir ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet kommunen gjer på samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid. Den er såleis heller ikkje ei evaluering av evna som kommunen har til å handtere uønskete hendingar.

Hovudintrykk

Kommunen viste god forståing for temaa som vart tatt opp under tilsynet. Dei siste åra har kommunen handtert nokre uønskete hendingar og har gjort seg erfaringar frå desse. Kommunen legg vekt på at det er eit godt samarbeid med lokalt politi både når det gjeld forebyggjande arbeid og i handtering av hendingar.

Kvinnherad kommune tilfredsstillar ikkje krava i forskrift om kommunal beredskapsplikt, fordi det er manglar ved risiko- og sårbarheitsanalysen, det heilskaplege og systematiske samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, beredskapsplanen og system for opplæring.



Deltakarar

Haavard Stensvand og Lene Stavseng representerte Fylkesmannen.

Desse vart intervjuet individuelt:

- Hans Inge Myrvold (varaordfører)
- Ragnhild Bjerkvik (rådmann)
- Gunn Berit Sandnes Fosse (seksjonsleiar stab) og Gunn Tove Petterteig (kommunalsjef)

I tillegg til dei ovannevnte, var følgjande med på opningsmøte, fellesintervju og sluttmøte:

- Hilde Kjelstrup, seksjonsleiar forvaltning
- Atle Josdal, brannsjef
- Liv Sætre Eik, einingsleiar helse
- Anbjørn Høivik, seksjonsleiar kultur, næring og utvikling
- Glenn A. Opland, kommuneoverlege
- Bjørg Wangensten, sektorleiar omsorg, helse og sosial
- Sigbjørn Øye, sektorleiar teknikk og miljø
- Anne Sofie Bjelland Kjekka, sektorleiar oppvekst

Definisjonar

Avvik: Brot på etterleving av krav i lov og forskrift om kommunal beredskapsplikt og forskrifta til denne.

Merknad: Funn som Fylkesmannen meiner det er grunn til å peike på for å sikre forbetring i oppfølginga av beredskapsplikta.

Resultat

Avvik:

Følgjande avvik vart avdekt under tilsynet:

Avvik nr. 1

Kravet til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt §§ 2 og 6, er ikkje tilfredsstillt.

Kommunen har ein heilskapleg ROS-analyse som sist vart revidert i 2014. Heilskapleg ROS-analyse skal oppdaterast i takt med revisjon av kommunedelplanar og ved endringar i risiko- og sårbarheitsbiletet, jf. § 6 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Den gjeldande ROS-analysen er mangelfull og for lite spesifikk i kartlegginga og vurderingane av kva konkrete konsekvensar uønskte hendingar kan gi for kommunen. jf. § 2 forskrift om kommunal beredskapsplikt.



ROS-analysen omtalar ikkje ein del relevante risiko- og sårbarheitsforhold i tilstrekkeleg grad. Mellom anna er det i liten grad kartlagt sårbarheit i allereie utbygde område, og korleis klimaendringar vil kunne påverke risiko- og sårbarheitsforhold.

Analysen omtalar i for liten grad utfordringar knytt til kritiske samfunnsfunksjonar og tap av kritisk infrastruktur. Det gjeld særleg korleis uønskete hendingar påverkar evna som kommunen har til å oppretthalde kritiske tenester under ulike typar påkjenningar. Det er òg for lite omtalt kva følgjer uønskete hendingar kan få for kommunen (særleg kva som vert oppgåvene til kommuneleiinga), og tiltak som kan verte aktuelle å setje i verk er spesifisert i for liten grad.

I ROS-analysen er det i liten grad vurdert kva trong det kan vere for å varsle og evakuere befolkninga under ulike uønskete hendingar.

Avvik nr. 2

Kravet til heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3, er ikkje tilfredsstilt.

Det er ikkje utarbeidd langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet, med bakgrunn i den heilskaplege ROS-analysen.

Avvik nr. 3

Beredskapsplan, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4 punkt c) og d), er ikkje tilfredsstilt.

Den gjeldande beredskapsplanen inneheld ikkje oversikt over ressursar som er aktuelt å få støtte frå hjå andre aktørar ved uønskete hendingar.

Beredskapsplanen inneheld ikkje plan for befolkningsvarsling. Kommunen har SMS-system (Gemini) for befolkningsvarsling, men i planen går det ikkje fram korleis det er tenkt at det skal brukast som varslingssystem under kriser og uønskete hendingar.

Avvik nr. 4

Krav til opplæring, jf. § 7 i forskrift om kommunal beredskapsplikt, er ikkje tilfredsstilt.

Kommunen manglar system for opplæring som sikrar at alle som er tiltenkt ei rolle i krisehandteringa har tilstrekkelege kvalifikasjonar.

Merknad:

Følgjande forbetringpunkt vart avdekt under tilsynet:

Merknad nr. 1

I planen for krisekommunikasjon bør det gå fram at informasjon under uønskete hendingar òg må nå fram til dei med anna morsmål enn norsk.

Merknad nr. 2

Kommunen bør vurdere å endre beredskapsplanen slik at det går tydeleg fram at rådmann har fullmakt til å kalle saman kriseleiinga.



Dokumentasjon

Følgande skriftlege dokument er nytta som grunnlag for tilsynet:

- Overordna risiko- og sårbarhetsanalyse 2014 Kvinnherad
- Akseptkriterium og metode for ROS- analysar-Til bruk ved arealplanlegging i Kvinnherad, Desember 2012
- Overordna beredskapsplan for Kvinnherad kommune med tiltakskort 6.1-6.8, 27.01.16
- Beredskapsplan vassforsyning, 07.05.15
- Helse og sosialberedskapsplan for Kvinnherad April 2004, oppdatert 2005
- Helseberedskap i Kvinnherad – under utarbeiding, utkast per 28.06.2018
- Smittevernplan for Kvinnherad kommune, under utarbeiding
- Evalueringsrapportar:
 - Rapport etter jordraset ved Åkra 30.06.2018
 - Rapport etter at ferja gjekk på grunn utanfor Varaldsøy 06.11.18
- Planstrategi – Kvinnherad kommune 2015-2019, mai 2016
- Kommuneplan for Kvinnherad måldokument 1999 - 2010
- Planprogram Kommuneplan samfunnsdel og arealdel - høyringsutkast